

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 17. juni 2024 blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Ole Johan Sveen (TvF), Per S. Wathne (Krf), Marit Elise Lier (Ap) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL/IKKJE INNKALLA:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Leiar forvaltningsrevisjon Bjørn Sæbø og forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Andre Mundal Haukås (H)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 13/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 06.05.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 06.05.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 06.05.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 14/24 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «PLEIE OG OMSORG»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah viste ein presentasjon og gjorde greie for rapporten. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Vidare gjorde ho greie for hovudfunna i rapporten.

Revisor meinte at mykje var bra innan pleie og omsorg i kommunen. Omorganiseringa i 2023 hadde bidrege positivt. Revisjonen hadde utifrå si vurdering formulert åtte tilrådingar til kommunen.

Medlemmene meinte det var ein interessant rapport, men at den var litt vag på nokre område. Det blei peika på at tilrådingane ville føre til meir papirarbeid i administrasjonen. Revisor forklarte at det ikkje var gjennomført intervju med pårørande på grunn av at det ikkje var lagt inn budsjettmidlar til dette i prosjektet.

Rådmannen og ordførar kommenterte rapporten.

Utvalet slutta seg til innstillinga og ønskte ei tilbakemelding frå rådmannen om ni månader.

Leiar takka forvaltningsrevisor for presentasjonen og ein interessant rapport.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24 og innstilling til kommunestyret:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 15/24 PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING OG PRIORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgende forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028:

1.

2.

3.

Osb.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for utvalet i neste møte.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Bjørn Sæbø presenterte analysen. Han gjorde greie for omgrepa som var nytta, generelle utviklingstrekk for kommunen og sektorvise utviklingstrekk.

I oppsummeringa viste han til dei områda som revisjonen meinte var særlig aktuelle for ein forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Medlemmane drøfta analysen og gav uttrykk for kva prosjekt dei meinte var viktige å prioritera i dei nye planane.

Følgjande prosjekt blei framheva som viktige: vedlikehald, tildeling av vedtak for institusjon, skulefråvær, utanforskap og eigarskapskontroll.

Utvalet var samd om å koma tilbake til saka i neste møte for å gjera dei endelege prioriteringane.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval prioriterer følgende forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028:

1. Vedlikehald av kommunen sine bygningar og vegar

2. Tildeling av vedtak for institusjon

3. Skulefråvær og utanforskap

4. Eigarskapskontroll

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriterte og uprioriterte prosjekt inn i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for utvalet i neste møte.

SAK 16/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 14. Statusrapport pr. juni 2024
- 15. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon
- 16. Innkalling til møte i havnerådet 12.06.24 – Karmsund Havn

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.06.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 14 – 16 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 9. september kl. 14.00

Saker: orientering frå administrasjonen om skule, barnehage og kultur, ROV-analysen og nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, val av nytt revisjonsprosjekt, utvalet sitt budsjett for 2025 og revisjonsstrategi.

Sveio/Aksdal, 17.06.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalseiar

Odd Gunnar Høie
Utvalsesekretær